

Jorunn Gunvor Nøttveit  
Romarheim 62 A  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/19083 - 21/7927

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
04.02.2021

## **Melding om utført retting av bygningsopplysningar i matrikkelen. GBNR 217/22 Romarheim**

Etter forespørsel frå deg dat 13.12.20. har kommunen utført endring av bustadhus frå bygningstype 112 einebustad m/hybel/ sokkelleilighet til bygningstype 111 einebustad.

Samanslåing av brukseiningar er eit søknadspliktig tiltak, dersom kommunen finn at bygget er omsøkt og godkjent med fleire brukseinigar tidlegare. Byggesakavdelinga i kommunen har vurdert saka og har kome med grunngjevinga under, for at det ikkje er søknadspliktig etter Plan og bygningslova.

« I 1985 vart det godkjend oppført tilbygg til bustad. Tilbygget inneheld eige husvære med tilgang til eksisterande bustad gjennom dør i loftsetasjen.

Tiltakshavar skriv at bustaden har fungert som ei brukseining sidan 2006, og at dør mellom brukseiningane på loftet no er fjerna heilt (slik at det er opent mellom husværa) og at det er satt inn dør mellom gang i tilbygg og stove i eksisterande bustad slik det går fram av teikningane ho har lagt ved.

Fjerning av dør på loft og innsetting av ny dør i hovudetasje vert vurdert å ikkje krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova. Då det heile tida har vore tilgang mellom brukseiningane vurderer byggesaksavdelinga at det heller ikkje er behov for behandling av søknaden om samanføyning etter plan- og bygningslova».

Etter matrikkellova er det no heller ikkje grunnlag for at det skal vera 2 bueiningar i dette huset, då det no ikkje er klart definerte avgrensingar mellom desse bueiningane og huset vert brukt som ei eining. Dersom det vert aktuelt å leiga ut delar av huset att seinare, bør det registrerast som ei eiga bueining igjen.

Kommunen har no sletta eine bueininga og eine adressa- og har omadressert bueininga som de budde i frå Romarheim 62A til Romarheim 62. Dette vert automatisk endra i folkeregisterert etter oppdatering av deira system.

De treng altså ikkje melda flytting til folkeregisteret, men det kan vere greitt at de tek kontakt med NGIR og gir melding om at de har fått sletta ei bueining- for raskare oppdatering.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får også melding om endringa.

De får eit eige formelt vedtak om adresseendringa.

Vedlagt ligg matikkelerapporter som viser kva som er registrert om bygget før og etter utført retting i matrikkelen.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

217-22 etter retting-einebustad  
217-22 før retting-einebustad

**Mottakarar:**

Jorunn Gunvor Nøttveit

Romarheim 62 A

5994 VIKANES